

Emneevaluering

MUTP111: Musikk og hjernen

Innledning

Kurset Musikk og hjernen ble gjennomført for 2 gong hausten 2013. Ein har i utgangspunktet fulgt same mal som tidlegare. Det meste har vore kateterundervisning/forelesningar, men ein har og hatt 2 dobbelt-timar på Haukeland universitetssjukehus. Dels praktisk undervisning på anatomisk institutt/patologisk avdeling for å fa ein litt meir praktisk tilnærming til nevroanatomien. Me har og nytta det akustisk «døde» ekkofrie rommet på Haukeland i forbindelse med akustikk undervisning.

Faglærers vurdering av undervisnings- og vurderingsformer

Eg føler at undervisningsformene og vurderingsformene har fungert bra utifrå dei tilbakemeldingane eg har fått

Pensum

Er stort sett uendra. Det har kome ut ein ny bok Brain and Music som kan koma til å bli ein del av kjernepensum neste år, men foreløpig har ein benytta ein del basislitteratur samt artiklar knytta opp mot undervisninga.

Studentstatistikk

Vurderings- og undervisningsmeldte

Det har vore litt fleire studentar påmeldt dette året totalt 16 i starten mot tidlegare 10-12. Dei fleste har gjennomført kurset

Strykprosent og frafall

*. Alle sto på eksamen, men 2 hadde gyldig forfall og får tilbod om ny utsett eksamen.

Karakterfordeling

*

Rammevilkår

Gjennomføringa av undervisninga har gått bra. Ein kunne ha ønska seg 1 eller 2 eksterne foredragshaldarar innan funksjonell billedframstilling av hjerne/musikk og kanskje psykoakustikk, men det har ikkje vore ressurser til dette sålangt.

Lokale og undervisningsutstyr

Dette har fungert bra. Ein forelesning var sett opp i lokale utan piano, men dette fekk me bytta så alt har gått greitt.

Studentevalueringer

Metode – gjennomføring

Det har vore gjennomført studentevaluering i etterkant av kurset. Eg har sålangt ikkje fått tilgang til formelle evalueringar, men føler at dei fleste tilbakemeldingane har vore stort sett positive.

Studentenes vurderinger og tilbakemeldinger

Faglærers kommentar

Kurset er fortsatt svært nytt og under utvikling. I og med at dette er eitt ope kurs som kan brukast av mange ulike studentgrupper så får ein del utfordringar i forhold til kva bakgrunnskunnskap ein kan forventa frå studentane. Me har studentar frå musikkterapi, utøvande musikk, psykologi, kunsthistorie, filosofi, medisin og fysioterapi. Dette er ein utfordring, men og veldig spanande og berikande for sjølve kurset og gjennomføringa.

Andre merknader (for eksempel undervegstiltak)

Faglærers samlede vurderinger, med eventuelle forslag til endringer

Kurset er fortsatt i utvikling. Det er utfordringar både når deet gjeld val av pensum og undervisningsformer spesielt dersom studenttalet forsetter å stige. Eg håper å kunne benytte eksterne krefter til deler av undervisninga neste år. Har fått tilbakemelding om at enkelte kan hjelpe til på frivillig grunnlag, men på sikt hadde ein kunna ønska seg og økonomiske rammer for å kunne invitere 1-2 eksterne forelesarar.